

ÅRSPLAN

2026 / 2027

- frå små steg til store eventyr -

RØVEROMPA - BARNEHAGE -



TRYGGLEIK



TRIVSEL



INKLUDERING



LEIK



VENNSKAP

Litt om oss og kontaktinformasjon:



Historia om Røverompa starta tidleg på **1970-talet**. Askvoll husmorlag oppretta barnepark i **1974** på dugnad.



Røverompa, det gamle og lokale stadnamnet på teigen vart tatt i bruk. Barneparken vart etter kvart eit samlingspunkt for småbarna i sentrum.



På **1980-talet** vart det bygd barnehage i sentrum der hovudbygget står i dag.

Grunna auke i barnetall vart det i **2016** oppretta modular-barnehage (brakkebygg) på gamle grusbana over sentrum.



No er barnehagen i gang med oppgradering og rehabilitering av hovudbygg. Brakkene skal då vekk! Vi gleder oss til å samlast på nytt og fint bygg løpet av **hausten 2026**.

I forbindelse med nytt bygg og ny start har personalet hatt ønske om å endre avdelingsnamn.

Foreldre har vært delaktige i prosessen. Dei nye avdelingsnavna er **Tang, Tare, Fjære** og **Flo**.

Namna er inspirert av havet og kystlandskapet som omgir oss. **Tang** og **tare** kjem til syne i **fjære**, skjæringspunktet mellom land og hav. **Flo** strekk seg oppover og blir større. Dette symboliserer ei reise i barnehagetida, frå yngst til eldst. Frå trygg start ved strandkanten til å bli løfta vidare mot nye opplevingar og erfaringar mot skulestart.

Tang

Tlf: 45974125

Småbarnsavdeling 1–3 år
9 barn

- Kari (ped.leiar)
- Claudia (ped.leiar)
- Linda
- Camilla
- Ruth



Tare

Tlf: 45974126

Småbarnsavdeling 1–3 år
9 barn

- Marianne (ped.leiar)
- Merethe
- Ann Kristin



Fjære

Tlf: 45974129

Storbarnsavdeling 3–5 år
17 barn

- Jonas (ped.leiar)
- Terje (ped.leiar)
- Karianne
- Tom Andre
- Iryna



Flo

Tlf: 45974128

Ute-avdeling 5–6 år
15 barn

- Marie (ped.leiar)
- Sonja
- Marion
- Marte



STYRAR

Henriette Gjerivik

☎ 57 73 07 59

📠 952 08 069

✉ henriette.gjerivik@askvoll.kommune.no



OPNINGSTIDER

07.00 – 16.30



KONTAKTINFO

577 30 515



VERDIGRUNNLAGET VÅRT



BARNESYN

Vi ser på barn som kompetente, nysgjerrige og leikande individ.



VERDIAR

Omsorg, tryggleik og inkludering skal prege alle relasjonar.



MÅL

Vi skal bidra til at barn blir trygge, robuste og utviklar tru på seg sjølv og eigne evner.



Verdigrunnlaget skal ligge til grunn for alt arbeid i barnehagen vår.



Vi skal møte barna med respekt og forståing, sjå åtferd som uttrykk for behov og kommunikasjon. Gjennom varme, tydelege og tilgjengelege vaksne skapar vi trygge rammer der barna får utvikle seg i eige tempo.



Vi legg vekt på gode relasjonar og inkluderande fellesskap. Alle barn skal oppleve tilhøyrslse. Vi skal sjå ulikskap som ein ressurs, og støtte barn i å utvikle empati, respekt og evne til samarbeid.



Gjennom leik, samspel og kvardagslege opplevingar arbeider vi for at barna skal oppleve meistring, trivsel og glede. Barna skal ta med seg viktige erfaringar og få eit godt grunnlag til skulestart og vidare utvikling i livet.



Ein god barndom varer livet ut!





MÅNAD	VEKE/DATO	HENDING
 August	Måndag 17.	Oppstart nytt barnehageår
 September		
 Oktober	Måndag 5. - fredag 9.	Hautferie skule (veke 41)
 November	Fredag 6.	Planleggingsdag (felles)
 Desember	Torsdag 24. - fredag 25. Torsdag 31. - fredag 1.jan	Barnehagen stengt - jul Barnehagen stengt - nyttår
 Januar	Måndag 4. Fredag 29.	Første dag etter nyttår Planleggingsdag
 Februar	Måndag 22. - fredag 26.	Vinterferie skule (veke 8)
 Mars	Onsdag 24. Torsdag 25. - måndag 29.	Barnehagen stenger kl.12 Barnehagen stengt - påske
 April	Fredag 16.	Planleggingsdag
 Mai	Torsdag 6. Fredag 7. Måndag 17.	Heilagdag, barnehagen stengt Planleggingsdag Heilagdag, barnehagen stengt
 Juni		
 Juli	Måndag 9. - fredag 30.	Sommarstengt, veke 29 og 30
 August	Fredag 13.	Planleggingsdag



Rutinar ved sjukdom og fråvær



For at vi skal kunne ta best mogleg vare på barna og planleggje kvardagen i barnehagen, er det viktig med gode rutinar rundt sjukdom og fråvær.



Ved sjukdom

- Barn som er sjuke, skal vere heime og få ro til å bli friske.
- Dersom barnet har feber, oppkast eller diare, skal barnet vere symptomfritt i minst 48 timar før det kjem tilbake i barnehagen.
- Ved smittsame sjukdomar følgjer vi tilrådingane frå helsemyndigheitene.
- Dersom barnet blir sjukt i løpet av dagen, tek vi kontakt med føresette, og barnet må hentast så snart som mogleg.



Melding om fråvær

- Føresette skal gi beskjed til barnehagen så tidleg som mogleg dersom barnet er sjukt eller av andre grunnar ikkje kjem i barnehagen den dagen.
- Ved planlagt fråvær, som ferie eller fridagar, ønskjer vi at de gir beskjed i god tid. Dette hjelper oss i planlegginga av bemanning og aktivitetar.



Medisinering i barnehagen

- Tilsette i barnehagen gir som hovudregel ikkje medisinar til barn.
- Dersom barnet har behov for medisinar i barnehagetida, må det gjerast avtale med personalet, og føresette må fylle ut nødvendige skjema.



God kommunikasjon mellom heim og barnehage er viktig for å sikre ein trygg og god kvardag for alle barna.



Tverfagleg samarbeid



Vi samarbeider på tvers for å sjå heile barnet og skape gode oppvekstvilkår for alle. Når barn har behov for ekstra støtte, jobbar vi saman for å gi rett hjelp til rett tid.

Vi samarbeider med:



PPT HAFS

- Rådgir oss i pedagogiske spørsmål og tilrettelegging
- Kartlegg og vurderer behov
- Bidreg med fagleg kompetanse og støtte
- Deltar i møter og samarbeidsprosesser



BARNEVERNENET

- Sikrar omsorg og tryggleik når barn har det vanskeleg heime
- Tilbyr råd og støtte til barn, familiar og barnehagen
- Følgjer opp barn og familiar over tid



ASKVOLL HELSESTASJON

- Følgjer barns helse og utvikling
- Tilbyr helsesamtalar og rettleiing
- Rettleier foreldre og personale
- Samarbeider om tiltak ved behov



FYSIOTERAPEUT

- Vurderer motorisk utvikling og funksjon
- Gir rettleiing og forslag til aktivitetar og tilrettelegging
- Følgjer opp og gir råd som støttar deltaking og meistring
- Samarbeider med barn, foreldre og barnehage



BUP

- Vurderer psykisk helse og utvikling
- Tilbyr behandling og oppfølging ved behov
- Gir råd og støtte som styrker meistring, trivsel og utvikling
- Samarbeider med barn, foreldre og barnehage



HABU

- Tilbyr råd og rettleiing ved utviklingsutfordringar
- Bidreg med kunnskap om tilrettelegging og støtte
- Samarbeider med barnehage, familie og andre instansar



SJÅ HEILE BARNET

- Vi observerer og følgjer barnet i kvardagen
- Vi ser utvikling innan språk, motorikk, sosial kompetanse og meistring
- Vi draftar, vurderer og tilpassar tiltak i samarbeid med barn, foreldre og faginstansar



SAMAN FOR EIN GOD OPPVEKST

- Vi set barnet sitt beste i sentrum
- Vi deler informasjon med samtykke og respekt
- Vi samarbeider for å gi barnet tryggleik, meistring og gode utviklingsmoglegheiter



SAMTYKKE OG TIEIPLIKT

- Vi samarbeider med instansar utanfor barnehagen alltid i dialog med og etter skriftleg samtykke frå foreldre/føresette
- Tilsette har tieiplikt og opplysningsplikt i samsvar med Lov om barnehagar, kapittel VI § 21-23



OBSERVASJON OG KARTLEGGING

- Vi observerer i kvardagen for å få innsikt i barnets utvikling
- Vi nyttar kartleggingsverktøy ved behov
- Observasjonane gir oss eit godt grunnlag for tilrettelegging og oppfølging



TETT DIALOG MED HEIMEN

- Foreldre kjenner barnet sitt best
- Vi legg stor vekt på open, ærleg og god kommunikasjon
- Saman skapar vi trygge rammer rundt barnet



God kommunikasjon mellom heim og barnehage er viktig for å sikre ein trygg og god kvardag for alle barna.

FAU

Foreldrerådets arbeidsutval



Kven:

Består av alle foreldre!
Tre av desse er valt til SU,
der ein av dei er vara.



Kva gjer dei:

Jobbar for eit godt lærings-
og oppvekstmiljø, fremjar
felles interessene til foreldra og
kan arrangerer sosiale aktivitetar.



Mandat:

Fungerer som bindeleddet
mellom foreldra og leiinga.

SU

Samarbeidsutvalet



Kven:

Styre som inkluderer to frå foreldra
(ofte leiarar frå FAU), to tilsette,
og ein kommunerepresentant.



Kva gjer dei:

Behandlar prinsipielle og overordna
saker som barnehagerute, årsplanar,
ordensreglement og strategiske
satsingar.



Mandat:

SU har beslutningsmyndighet og
skal sikre at alle partar blir høyrde
før viktige avgjersler blir tekne.

SAMANSETTING AV SU

Foreldrerepresentantar



- Katrine Oddekav
- Malin Fristad
- Katrine Gjervik Tivberg (vara)

Barnehagerepresentantar



Claudia Arancibia
Ann Kristin Eidem

Kommunerepresentant



Frode Devig
Gaute Losnegård (vara)



Styrar (Henriette Gjervik), har det administrative ansvaret og
fungerer som eit bindeledd mellom barnehage og foreldre i både
Samarbeidsutvalet (SU) og Foreldrerådets arbeidsutval (FAU).

AUGUST



AUGUST er starten på noko nytt, med små og store steg inn i eit fellesskap der relasjonar, tryggleik og tilhøyrse står i sentrum. For nokre barn er dette dei første dagane i barnehagen, medan andre kjem tilbake, kanskje på ny avdeling med nye vaksne.



God **tilvenning** tek tid. Med utgangspunkt i tryggleikssirkelen ønskjer vi å vere trygge vaksne som gir barna ein trygg (sikker) base å utforske frå, og ei trygg hamn å vende tilbake til.



I kvardagen betyr dette at personalet er:

- ✓ nær, tilgjengelege og sensitive i møte med barna
- ✓ støttar barn i å bli kjende med kvarandre og byggje vennskap
- ✓ set ord på kjensler og hjelper barna å forstå seg sjølve og andre
- ✓ legg til rette for leik, utforsking og gode opplevingar saman



Ny satsing i Askvoll kommune

Askvoll kommune satsar på å styrke kompetansen i barnehagane, og vil sertifisere personale som COS-leiarar.



Dette er eit tilbod retta mot foreldre med barn i barnehage og tidleg skulealder. Gjennom dette tiltaket får foreldre støtte og rettleiing i å forstå barnet sine behov, styrke relasjonen og skape tryggleik i kvardagen.

TRYGGLEIKSSIRKELEN



**SIKKER
BASE**
UTFORSKE
VERDA



**TRYGG
HAMN**
VENDE TILBAKE
FOR TRYGGELEIK
OG TRØYST



- Pass på meg
- Gled deg over meg
- Hjelp meg
- Ha det fint saman med meg

MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
					1	2
3	4	5	6	7	8	9
10	11	12	13	14 FAGDAG STENGT	15	16
17	18	19	20	21	22	23
24/31	25	26	27	28	29	30



SEPTEMBER



Personalet arbeidar aktivt med å tilpasse kvardagen barnas rytmar etter behov, og utviklar rutinar som gir tryggleik og forutsigbarheit.



Gjennom leik, aktivitetar og gode kvardagssituasjonar legg vi til rette for meistring, deltaking og trivsel for alle barn. Vi har særleg fokus på relasjonsbygging mellom barn og vaksne, og barn imellom.



Relasjonskompetanse er ein grunnleggjande del av kvardagen og ein viktig del av arbeidet i barnehagen. Teamarbeid står i fokus på planleggingsdagar, personalmøte og i det daglege arbeidet. For oss er det viktig å møte kvar eins eiga vaksenmoden i møte med barn. Slik skapar vi ei trygg og inkluderande miljø der alle barn får moglegheit til å vere seg sjølve og utvikle seg i eiga tempo. Gjennom god relasjonskompetanse lærer vi barn å løyse ord på kjensler, bygge utforskingar og utvikle sosial kompetanse.



FORELDREMØTE
23 | sept



BRANNVEKE
14–20.sept



MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
	1	2	3	4	5	6
7	8	9	10	11	12	13
14 	15 	16 	17 	18 	19	20
21	22	23 	24	25	26	27
28	29	30				



OKTOBER



I oktober har vi særleg fokus på **gjensidig respekt.**

Vi ønskjer å gi barna erfaringar som fremjar forståing for at menneske er ulike og at dette er ein verdi.



Gjennom lek, samtalar og aktivitetar legg vi til rette for at barna får undre seg over likskapar og ulikskapar. Vi jobbar aktivt med å styrkje barns evne til å vise omsorg, inkludere kvarandre og møte kvarandre med respekt. Vi markerer også FN-dagen og tek utgangspunkt i tema som menneskeverd, rettferd og fellesskap.




Gjennom musikk, eventyr, mat, flagg og tradisjonar får barna kjennskap til ulike kulturar. På ein enkel og tilpassa måte presenterer vi barnekonvensjonen og samtalar om at alle barn har rett til å bli sett, høyrte og tatt vare på. Gjennom dette arbeidet ønskjer vi å skape eit inkluderande fellesskap der alle barn opplever å høyre til.



Hautferie på skulen
5.–9. okt.

Gi beskjed om barnet
ditt tek fri <3



MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSdag	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
			1	2	3	4
5	6	7	8	9	10	11
12	13	14	15	16	17	18
19	20	21	22	23 • FN-DAGEN •	24	25
26	27	28	29	30	31	



NOVEMBER



Barnehagen skal vere ein trygg plass der alle barn kjenner seg **inkludert**, verdifullt og som ein viktig del av **fellesskapet**.

Dette er ein sentral del av barnehagen sitt samfunnsmandat og er forankra i både barnehagelova og rammeplanen. Målet er at alle barn skal få oppleve vennskap, meistring, glede og tilhørsele – uansett føresetnader og behov. Spesialpedagogisk hjelp skal derfor ikkje føre til at barnet blir teke ut av gruppa unødig, men heller gi barnet støtte til å kunne vere saman med andre og delta i det som skjer i barnehagekvardagen.




Inkludering handlar om meir enn at barnet er fysisk til stades. Det handlar om å kunne delta i leik, aktivitetar og sosiale relasjonar saman med andre barn. Leiken er spesielt viktig fordi det er her barn utviklar vennskap, språk og sosial kompetanse. Personalet skal aktivt arbeide for å støtte barn som treng ekstra hjelp, slik at dei kan vere med i meningsfulle leikfellesskap og oppleve meistring saman med andre.



Barnehagen skal sikre eit **trygt og godt psykososialt miljø**.

Det betyr at personalet skal førebygge og gripe inn dersom barn opplever mobbing, krenking eller utestenging. Alle barn skal kjenne seg trygge og oppleve at dei høyrer til.



MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
2	3	4	5	6 FAGDAG STENGT	7	8
9	10	11	12	13	14	15
16	17	18	19	20	21	22
23	24	25	26	27	28	29
30						



DESEMBER



Førjultida i barnehagen er ei tid for kos, glede og **fellesskap**. Vi ønsker å skape ei stemningsfull ramme rundt dagane, der barna får gode opplevingar ilag.



Gjennom samlingsstund, lek og aktivitetar får barna erfaringar om tradisjonar, høgtid og fellesskap.

Samlingsstund er prega av nedtelling til jul, julesongar og forteljingar.



I tråd med rammeplanen gir vi barna kjennskap til merkedagar og tradisjonar i den kristne kulturarven, på ein open og inkluderande måte som tek omsyn til mangfaldet i barnegruppa.



I desember har avdelingane fokus på:

- Adventssamlingar
- Høgtidsmarkeringar (Lucia og kyrkjebesøk)
- Nissefest, 03.12
- Felles aktivitetar



Vi legg vekt på at alle barn skal oppleve meistring og tilhørse. Målet er at barna skal oppleve ei god førjulstid



Påmeldingsfrist til romjula fredag 11.12!



MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
	1	2	3 	4	5	6
7	8	9	10	11 	12	13
14	15	16	17	18	19	20
21	22	23	24	25	26	27
28	29	30	31			



JANUAR



JANUAR er ein måned der vi har fokus på **eventyr og fysisk fostring**. Barna får høve til å gjenoppta leiken, styrke vennskap og oppleve meistring i kvardagen. Vi skal vere «pålogga» vaksne som støttar barna i samspel, leik og utforsking.



Vinteren gir oss mange fine moglegheiter til leik og aktivitet ute. Vi legg til rette for utforsking av snø og is, aking, turar og sansing i naturen. For at barna skal få gode opplevingar ute, er det viktig med klede som er tilpassa veret og aktivitet.



Vi legg vekt på:


- Å skape ein trygg og forutsigbar kvardag
- Å styrke relasjonar mellom barn.
- Å støtte barna i leik og sosial utvikling
- Å utforske vinteren gjennom leik og aktivitet ute.



29.januar:

Fagdag – STENGT

Dette er ein dag for personalet med fokus på fagleg utvikling, der kvalitet og barnets beste ligg til grunn for arbeidet vårt.



MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
				1	2	3
4	5	6	7	8	9	10
11	12	13	14	15	16	17
18	19	20	21	22	23	24
25	26	27	28	29 FAGDAG STENGT	30	31



FEBRUAR



Gjennom lek og aktivitet i vinter får barna utvikle kroppleg meistring, utforskartrong og glede i fellesskap. Uteleiken gir rom for både fysisk aktivitet, samarbeid og sanseerfaringar, og er i tråd med Rammeplanen sitt fokus på **kropp, rørsle og helse**.



5.februar markerer vi samefolkets dag som ein del av arbeidet med mangfald, kultur og identitet. Barna får kjennskap til samisk kultur og tradisjonar gjennom song, forteljingar og enkle aktivitetar tilpassa alder og modning. Dette bidreg til å utvikle forståing, respekt og interesse for kulturelt mangfald.



19.februar blir det **karneval** i barnehagen. Her legg vi til rette for lek, kreativ utfolding og inkludering. Gjennom rolleleik og utprøving av ulike uttrykk får barna utforske fantasi, identitet og samspel med andre. Det er frivillig å kle seg ut, og barna kan velje fritt. Vi oppmodar til enkle kostyme og gjerne gjenbruk, og legg vekt på at deltaking, glede og fellesskap er det viktigaste.



Skulen har vinterferie 22.02–28.02, gje beskjed om barnet tek fri!

MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
1	2	3	4	5	6	7
8	9	10	11	12	13	14
15	16	17	18	19	20	21
22	23	24	25	26	27	28



MARS



Vi vender blikket mot endringane som skjer ute når vinteren slepp taket og har fokus på «nytt liv». Saman med barna utforskar vi det som spirer, smeltar og kjem til syne igjen. Gjennom turar, lek og sansing får barna oppleve naturen på nært hald, og vi legg til rette for nysgjerrighet, undring og utforsking.



Vi tek i bruk enkle aktivitetar som å sjå etter spor i naturen, følgje med på vår og årstidsskifte, ser på plantar og dyr som høyrer våren til. Naturen blir ein viktig læringsarena der barna får bruke kroppen, sansane og språket sitt i samspel med andre.



I løpet av månaden vil vi også arbeide med påske i barnehagen. Med utgangspunkt i Rammeplanen legg vi til rette for at barna bli kjende med tradisjonar knytt til høgtida. Gjennom forteljing, formingsaktivitetar, ei høgtida. Gjennom barna påska på ein måte som er tilpassa alder og erfaring. Arbeidet knytter seg særleg til fagområda nærmiljø og samfunn, kunst, kultur og kreativitet og etikk, religion og filosofi.




Vi markerer også Eid al-Fitr i barnehagen. Gjennom samtalar, bilete, forteljingar, mat og tradisjonar får barna innblikk i korleis denne høgtida blir feira. Vi legg vekt på respekt, forståing og fellesskap.

♥ Vi legg vekt på:

- ♥ Å skape ein trygg og god kvardag
- ♥ Å styrke relasjonar mellom barn
- ♥ Å støtte barna i lek og sosial utvikling
- ♥ Å utforske naturen og årstidsskifte
- ♥ Å bli kjende med tradisjonar som påske og Eid al-Fitr



Påmeldingsfrist til påske fredag 12.mars!



MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSdag	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
1	2	3	4	5	6	7
8	9 BARNEHAGEDAGEN 	10 EID AL-FITR 	11	12	13	14
15	16	17	18	19	20	21
22	23	24	25 	26 	27 	28
29 	30	31				



APRIL



Våren er for alvor i gang, og vi held fram med å **utforske det som er i endring, spirer og gror.**

Vi undrar oss saman over små og store prosessar.



Gjennom turar i nærmiljøet, leik og utforskande aktivitetar legg vi til rette for at barna får bruke kroppen, sansane og nysgjerrigheita. Vi ønskjer å skape rom for gode opplevingar ute.



Vi vil arbeide konkret med vekst gjennom enkle prosjekt som å så frø, plante og ta vare på det vi dyrkar. Barna får vere delaktige i prosessar over tid, noko som gir erfaring med ansvar, tålmod og samanhengar i naturen. April gir også gode moglegheiter for språk og fellesskap. Vi set ord på det vi opplever, undrar oss saman og støttar barna i å dele tankar, idear og erfaringar med kvarandre.



NB: SOMMARFERIE 2027

Frist for å melde inn barnet sin sommarferie er 1. april. Barnehagen er stengd i veke 29 og 30.

Vi ber om at føresette registrerer ferie innan fristen slik at vi kan planleggje drift og bemanning på best mogleg måte.

MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
			1	2	3	4
5	6	7	8	9	10	11
12	13	14	15	16 FAGDAG STENGT	17	18
19	20	21	22	23 VERDAS BOKDAG	24	25
26	27	28	29	30		



MAI




Tema er livet i fjæra og fokus på overgangar. Arbeidet med overgangar er forankra i Rammeplanen. Det blir lagt vekt på kontinuitet, samanheng og samarbeid, samtidig som barna skal oppleve tryggleik, deltaking og tilhørslse i møte med endringar i kvardagen.



Endring gjeld både barn som skal vidare til skulen, barn som skal bytte avdeling og barn som møter barnehagen for første gong. Barna må få tid til å bli kjende med nye rom, nye vaksne og nye barnegrupper. Gjennom deltaking, samtalar og gradvis tilvenning legg vi til rette for at alle skal møte ny start med tryggleik og meistring.



For dei eldste barna inneber dette førebuing til skulestart gjennom førskuledagar, samarbeid med skulen og aktivitetar som styrker sjølvstende, sosial kompetanse og deltaking i fellesskap. For dei yngste barna handlar det om å bli kjende med ny avdeling og nye relasjonar i eit tempo som tek omsyn til det enkelte barnet sitt behov. Nye barn som skal starte i barnehagen får kome på besøksdagar saman med føresette. Dette gir ein viktig start på relasjonsbygging og tryggleik i møte med barnehagen.



MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
					1	2
3	4	5	6 Kristi himmelfartsdag STENGT	7 FAGDAG STENGT	8	9
10	11	12	13 MINI 17.MAI	14	15	16
17 Hurra	18	19	20	21	22	23
24/31	25	26	27	28	29	30



JUNI



Dei lyse dagane gir gode moglegheiter for å vere ute, og vi nyttar nærmiljøet aktivt gjennom turar, utforsking og sommarlege aktivitetar. Barna får medverke i val av aktivitetar, og vi legg vekt på fleksibilitet og å følgje barna sine initiativ og interesser.



Dette er siste månaden før overgang til sommarbarnehage. For nokre barn inneber dette avslutning i barnehagen og overgang til skule, medan andre skal vidare til ny avdeling. Vi har difor særleg fokus på å skape gode og trygge avslutningar, der barna får kjenne på tilhøyrse, meistring og samhald. Vi markerer overgangen gjennom felles opplevingar og enkle markeringar tilpassa barnegruppa.

Personalet skal:

-  leggje til rette for varierte og sommarlege aktivitetar ute og inne
-  bruke nærmiljøet aktivt til turar og utforsking
-  støtte barna i samspel, vennskap og fellesskap
-  bidra til gode og trygge avslutningar for alle barn

Alle barn fortjener
respekt, kjærlegheit og
tryggleik fra vaksne i livet
sitt, uansett kven dei er
og kven dei likar.



MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
	1	2 FORELDREMØTE 	3	4	5	6
7	8	9	10	11	12	13
14	15	16	17 	18	19	20
21	22	23	24	25	26	27
28	29	30				



JULI



Juli og august er prega av sommar og ferie.
Tema er difor **SOMMARBARNEHAGE**,
Dagane blir tilpassa barnegruppa
som er til stades.

Vi legg vekt på barns medverknad, og tek utgangspunkt i barna sine interesser, initiativ og behov.
Dagane blir forma undervegs, med rom for spontan leik, utforsking og gode augeblikk saman.
Dagane vil innehalde sommaraktivitetar som leik med vatn, turar i nærmiljøet, frileik ute/inne og små utflukter. Glede, fellesskap og meistring vil stå sentralt.



Takk for godt samarbeid gjennom barnehageåret.
Det har gitt oss nye erfaringar, minnerike opplevingar,
utvikling og fellesskap.



Ei ekstra helsing til dei fine førskulebarna,
vi ønskjer alle lukke til på skulen og alt det nye som ventar!



MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
			1	2	3	4
5	6	7	8	9	10	11
12	13	14	15	16	17	18
19	20	21	22	23	24	25
26	27	28	29	30	31	



Barnehagen
held
SOMMARSTENGT
i veke 29 og 30
(19-31.juli)!



Foreldresamarbeid

- til det beste for barnet

SAMAN SKAPAR VI TRYGGLEIK, UTVIKLING OG GLEDE

Når barnehage og heim samarbeider godt, får barnet dei beste føresetnadene for trivsel, læring og utvikling – både no og i framtida.



KVIFOR ER FORELDRESAMARBEID VIKTIG?

- ✓ Barnet opplever samanheng mellom heim og barnehage, noko som skapar tryggleik og føreseielegheit.
- ✓ Vi blir betre kjende med barnet og kan gi heilskapleg støtte og oppfølging.
- ✓ Saman skapar vi eit godt miljø for læring, lek, vennskap og utvikling.
- ✓ Barnet ser at dei vaksne samarbeider, og lærer verdiar som tillit, respekt og fellesskap.



HEIM



BARNET



BARNEHAGEN



RAMMEPLANEN FOR BARNEHAGEN – SAMARBEID MED HEIMEN

Rammeplanen understrekar at barnehagen skal:

- i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og lek, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.
- sikre foreldra medverknad og samarbeid for å skape heilskap og samanheng i barnet sin kvardag.
- møte foreldra med openheit, tillit og respekt, og anerkjenne foreldra sin kunnskap om eget barn.
- leggje til rette for gode samtalar, gjensidig informasjon og felles forståing av barnet sitt beste.



Kjelde: Rammeplan for barnehagen, kapittel 1 og 7



BARNEHAGELOVA – FORELDRESAMARBEID OG MEDVERKNAD

Barnehagelova slår fast at:

§ 1 Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og lek, og fremje læring og danning.

§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutval

Foreldre har rett til medverknad i barnehagen si verksemd.

Barnet sitt beste

Samarbeidet mellom heim og barnehage skal alltid ha barnet sitt beste som mål.



SLIK SAMARBEIDER VI

Vi legg til rette for:



Gode samtalar og dagleg kontakt



Foreldremøte og foreldresamtalar



Foreldreundersøkingar



Open og ærleg kommunikasjon



Gjensidig tillit og respekt



Felles ansvar for barnet si trivsel og utvikling



Saman skapar vi ein barnehage der barnet opplever tryggleik, meistring, tilhøyrslø og glede!

Vi er eit lag rundt barnet – til barnet sitt beste.





HØGTID OG TRADISJONAR

– forteljingar som skaper forståing,
glede og fellesskap ♥

VI FEIRAR MANGFALDET SOM GJER FELLESSKAPET VÅRT RIKT.
ALLE BARN SKAL KJENNE SEG VERDSETTE OG INKLUDERTE.



JUL

Jul er ei kristen høgtid som markerer fødselen til Jesus. Mange familiar feirar jul på ulike måtar, med venene, tradisjonar og julemat, julesongar, gáver, samvær med familie og god mat.

Kvifor jobbe med jul i barnehagen?

Rammeplanen seier at barna skal få kjennskap til kristne tradisjonar og kultur. Vårt samfunn er skal barnehagen vise respekt for ulike måtar å feire på.

Barna lærer:

- kjennskap til norske tradisjonar
- oppleve fellesskap og forventning
- lære om omsorg, glede og det å dele med andre



PÅSKE

Påske er den viktigaste kristne høgtida. Ho handlar om livet til Jesus, men for mange barn er påske også knytt til påskeegg, kylingar, vår og nye spirer i naturen.

Kvifor jobbe med påske i barnehagen?

Gjennom påske får barna oppleve:

- tradisjonar og kultur
- naturen som vaknar til liv
- glede over fellesskap og skapande aktivitetar



ID AL FITR

Eid al-Fitr markerer slutten på fastemånaden Ramadan. Mange muslimar feirar dagen saman med familie og vener. Dei pyntar seg, er god mat, besøk hos kvarandre og gir gáver.

Kvifor jobbe med Eid i barnehagen?

Rammeplanen seier at barnehagen skal synleggjøre mangfaldet i barnegruppa og gi barna kjennskap til ulike religionar og livssyn.

Barna lærer:

- respekt for ulike tradisjonar
- forståing for mangfald
- at alle høyrer til i fellesskapet



FORTELJING TIL BARN

Den vesle stjerna

Det var ei gong ei lita stjerna som budde høgt oppe på himmelen. Ho dreynde om å få hjelpe nokon. Ei natt såg ho ein liten baby som trongte varme og kjærleik. Stjerna lyste så sterkt at menneska fann vegen fram til barnet. Sidan den dagen har stjerna minna oss om håp, glede og omsorg for kvarandre.



FORTELJING TIL BARN

Kyllingen Pip

Ein liten kylling låg inne i egget sitt. Han hørde fuglesong utanfor og kjende sola varme skalet. «Liv–med ein fint der ute?», tenkte Pip.

Ein dag laga han eit lite hol i egget. Ut kom han og såg lyset, blomar og vårsol. Alt var nytt og spennande. Pip lærte at våren handlar om nytt liv, vekst og nye moglegheiter.



FORTELJING TIL BARN

Den store festdagen

Amina vakna tidleg. Ho tok på seg nye klede og kjende lukta av god mat frå kjøkenet. I dag var det Eid.

Familien smilte, klemde kvarandre og sa: "God Eidi!" Amina fekk møte slekt og vener. Dei lo, åt saman og delte glede med kvarandre.

Då Amina la seg om kvelden, tenkte ho: "Det beste med Eid er å vere saman med dei eg er glad i."



FELLES REFLEKSJON



VENNSKAP



OMSORG



GLEDE



INKLUDERING



RESPEKT



TAKKSEMD



RAMMEPLANEN

Arbeid med høgtider og tradisjonar støttar særleg:

- Kapittel 1: Barnehagen sitt verdigrunnlag
- Kapittel 3: Barn si medverknad
- Kapittel 9: Fagområde

Barnehagen skal:

- gi barna kjennskap til ulike religionar og livssyn
- fremje respekt for menneskeverd og mangfald
- bidra til forståing, toleranse og interesse for kvarandre



BARNEHAGELOVA

§ 1 Formål

Barnehagen skal byggje på verdiar som: respekt for menneskeverdet, rettsikkerheit, likeverd og solidaritet.

§ 2 Innhald

Barnehagen skal formidle kultur, verdiar og tradisjonar og bidra til at alle barn opplever glede, meistring og fellesskap.

§ 3 Barns rett til medverknad

Barna skal få vere med og påverke korleis høgtider og tradisjonar blir markerte i barnehagen.



BEKLEDNING I BARNEHAGEN

Rett klede til rett vær – kvar dag!

I barnehagen er vi mykje ute, uansett årstid. Gode klede gjer at barna held seg varme, tørre og komfortable, og får dei beste opplevingane i lek og aktivitet.

VÅR

Skiftande vær og temperatur



VÅRJAKKE

ULLGENSER



REGNBUKSE



LUE



VOTTER



GUMMISTØVLAR

TIPS:

Pakk i lag tynne lag med klede, så kan vi tilpasse etter aktivitetsnivå og temperatur.



SOMMAR

Sol, varme og vatnleik



T-SKJORTE

SHORTS



SOLHATT



SOLKREM



SANDALAR



BADETØY OG HANDKLE

TIPS:

Smør barnet med solkrem før barnehagen. Ha solkrem i sekken på solrike dagar.



HAUST

Kjøleg, vått og vindfullt



REGNJAKKE

FLEECEGENSER



REGNBUKSE



LUE



VOTTER



GUMMISTØVLAR

TIPS:

Ha alltid regntøy klart! Det er kjekt å leike ute, sjølv om det regnar.



VINTER

Kaldt, snø og is



VINTERJAKKE

ULLGENSER



VINTERBUKSE



LUE / BALAKLAVA



VOTTER / VOTTLAR



VINTERSTØVLAR

TIPS:

Hugs ull innerst! Tørt og varmt barn er eit glad barn.



DETTE BØR BARNET HA I HYLLA OG PÅ Plassen SIN



SKIFTETØY

Minst 2 sett med truse, sokkar, bukse og genser. Tilpass årstida.



REGNTØY

Regnjakke, regnbukse og gummistøvlar. Kan henge på plassen.



INNESKO

Tøfler eller innesko med god såle.



ULLTØY

Ullgenser, ullbukse, ullsokkar og ullbody. Heile året!



EKSTRA

Ekstra lue, votter og sokkar. Kjekt å ha i sekken.



SEKK

Ha alltid sekk i barnehagen med ekstra klede. Vi er mykje ute!



HUSK Å MERKE ALLE KLEDE OG UTSTYR MED NAMN!

Då er det lettare å finne rett eigar – og vi mistar mindre.

